



# Kviteseid misjonskyrkje

## MISJONSKIRKEN NORGE

### Referat frå styremøte tysdag 7. januar 2020 kl 18.30

Åsbjørg innleia med å lese Ordt 4.23 «Ta vare på hjartet framfor alt, for livet går ut frå det». Om at vi er heldige som har Jesus som stiller vår åndelege sult i hjartet med å vere livets brød.

#### Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Mari Songe (2018-2019)

Nils Arne Grutle (2019-2020) (1. vara)

#### Forfall:

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Øystein Kvamme (2018-2019)

Tone Fosse (2018 – 2019) (2. vara)

#### Sak 1/20: Godkjenning av referat frå styremøtet 6. november 2020

Referatet vart godkjent etter litt justeringar på sak 37/19.

#### Sak 2/20: Årsmøtet

Åsbjørg la fram forslag til årsrapport. Vi drøfta denne og gjorde små korrigeringar.

#### Organisering av årsmøtet:

Ane leier og opnar årsmøtet. Åsbjørg referer. Mari ordnar kaffi og skuffekake. Ane ordnar noko glutenfritt.

**Andre verv:** Ane kan halde fram i fellesmøtekomiteen.

Mari kan halde fram i diakoniutvalet.

Vi håpar Ove vil halde fram som vaktmeister.

#### Årsmøtesaker:

Arbeidet vårt: Korleis vil vi ha det for at også dei med vaksne ungar vil kome på Betel? Korleis kan vi drive arbeidet slik at vi får dekka dei åndelege behova til både unge og gamle. Kva lengtar vi etter?

Nokre vil ha fleire bibeltimar, andre vil ha meir i heimane. (Fellesskapskveldar).

Desse i styret er på val: Ane, Øystein, Mari. Oddvar og Anders er i valkomiteen.

#### Sak 3/20: Kasserarjobben

Magnus Kvalbein har sagt nei til å halde fram som kasserar.

Styret innstiller på at årsmøtet vedtar å be Gunnar Ruud sitt rekneskapskontor ta på seg rekneskapen.

Arbeidet med å få overført frå Solidus til Cornerstone er ikkje i mål pga sjukdom.

#### Sak 4/20: Levande-tru-seminar 2. februar

Vi gjekk gjennom dei praktiske førebuingane til seminaret og fordele oppgåvene mellom oss.

#### Sak 5/20: Samla ansvar for annonsering osv?

Pr no er det mange som har ansvar for annonsering. Facebook, nettsida, VTB, SMS. Vi drøfta om vi kan gjere dette meir rasjonelt (og offensivt..).

**Vedtak:** Vi held fram med å ha mange engasjerte i dette.

Mari kan halde fram med annonsering i VTB.

Nils Arne kan legge ut saker meir javnleg på Facebook.

Nytt styre må snakke om oppdateringar på nettsida.

#### Sak 6/20: Vårhalvåret som kjem

Oppfølgingsprat etter sak 37/19. Oppsummering: Styret har sidan førre styremøte tenkt og snakka med folk og kome fram til at det ikkje er rett å ha eit «sabbatsår» no. Derfor blir det ikkje sendt ut noko skriv slik antyda i førre referat.

Vi vil gjerne invitere Anne Margrethe Mandt-Anfindsen til nytt besøk / skype-prat, både i styret og i menigheten. Avtale tid når nytt styre er på plass. Bør gjerast stor innsats for å få HEILE styret med på dette møtet.

Sundagstreffkomiteen orienterte om planlagte arrangement dette halvåret.

Musikk komande halvår: Olav kan spele på 3 av 4 sundagstreff i vår. Ane snakkar med Sigrun Kvamme om siste møtet, og om å eventuelt involvere ungane. Ane finn supersang / opningssang. Møteleiarar må finne songar sjølv.

#### Sak 7/20: MOMENT 2020

Misjonskirken Norges Generalforsamling samt inspirasjonsmøter og seminar er i Kristiansand 24.-26. april 2020. ([mknu.no/moment2020](http://mknu.no/moment2020))

Vedtak: Vi ber neste styre ta stilling til om dei vil reise dit saman.

Sak 8/20: Informasjon og eventuelt

Vaktene til fredagsklubben er no fordelt.

Anders Songe har montert ekstra lys til strikkekafeen.

Mari lagar ansvarsliste for bønnemøta også for denne våren.

Neste styremøte: onsdag 26/2 kl 18.30. NYTT STYRE.

*Åsbjørg Hægeland, sekretær*